



Karmøy kommune
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar
Linn Berge Vormedal, 51568740

Varsel om tilsyn med Karmøy kommune som miljøvernmyndigheit

Me viser til samtale og e-post av 2. og 4. mai 2019 om mogelege møtedatoar. Miljødirektoratet har bestemt at det skal setjast i verk ein landsomfattande tilsynsaksjon med kommunen som miljøvernmyndigheit. Aksjonen gjeld kommunen sitt arbeid som myndigheit på område avlaup frå spreidd busetjing.

Fylkesmennene skal gjennomføre tilsyn i minst tre kommunar i kvart fylke. Miljødirektoratet vil blant anna bruka resultatata frå denne aksjonen for vidare prioriteringar for å styrkje det nasjonale klima- og miljøarbeidet.

Tema:

- Korleis sikrar kommunen at krava i kap. 13 i forureiningsforskrifta blir følgde?
- Kva gjer kommunen for å sikre at saksbehandlinga av søknad om løyve blir følgd?
- Gjennomfører kommunen tilsyn med at føresegnene i forskrifta blir følgde?

Fylkesmannen har sett opp følgjande plan for gjennomføring av tilsynet:

Onsdag 02. oktober kl: 09:00 – 09:30 Opningsmøte
Onsdag 02. oktober kl: 09:30 – 09:45 Samtale med rådmann
Onsdag 02. oktober kl: 09:45 – 15:00 Intervju
Torsdag 03. oktober kl 13:00 – 14:00 Sluttmøte

Fylkesmannen ber om at rådmann og etatssjef er til stades på opningsmøte og sluttmøte. Me ber og om at eventuelle andre personar i organisasjonen med instruksjons- og/eller avgjerslemyndigheit er med på desse møta. På bakgrunn av opplysningar i opningsmøte og tilsendt organisasjonsplan vil det vert klart kven andre Fylkesmannen ynskjer å intervju.

Fylkesmannen vil intervju enkelt personar i ansvarskjeda, rådmann, etatssjef, saksbehandlarar etc. Intervjuplanen vil bli sett opp på førehand. Kvant intervju vil vare ca. frå 30 til 45 minuttar. Me vil orientera om metode og praktisk gjennomføring på opningsmøtet.

Fylkesmannen ber om at de sender oss fylgjande dokumentasjon:



- Organisasjonskart og/eller anna dokumentasjon som viser funksjonar, ansvar og oppgåver i det kommunale miljøvernarbeidet
- Siste årsrapport frå kommunen
- Delegasjonsreglement eller anna dokumentasjon som viser delegert myndigheit i kommunen
- Kommunen sitt internkontrollsystem inkludert rutinar for avlaup i frå spreidd busetjing

Dersom de meiner det er anna materiale som er relevant for tilsynet, ber me om at de sender oss dette.

Me ber om at ovannemnde dokumentasjon vert send oss innan 20.09.2019.

Tilsynet vil vert gjennomført av Mariann Størksen og Linn Berge Vormedal med sistnemnde som revisjonsleiar.

Med helsing

Mariann Størksen
fung. seksjonsleiar

Linn Berge Vormedal
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent